



## FORTIDSMINNEFORENINGA

The Society for the Preservation of Norwegian Ancient Monuments

Sogn og Fjordane avd., Postboks 437, N-6853 Sogndal

NVE  
Pb 5091 Majorstua  
0301 Oslo

### Uttale vedk Breim kraftverk i Storelva i Gloppe kommune

Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avdeling har i styremøte 26.08.2011 samrøystes vedteke følgjande uttale i høve til konsesjonssøknad for anlegget:

*Fortidsminneforeninga Sogn og Fjordane avd meiner det er ei stor svakheit at konsekvensutgreiinga for deltema kulturminne og kulturmiljø ikkje har har hatt nokon lokale informantar (jf pkt 11 Litteraturlista). Grunnlagsmaterialet elles er heller ikkje omfattande. Dei off. databasar i kulturminnefeltet er dessutan ganske nye og datagrunnlaget kan difor både vere ufullstendige og ha manglar, og denne delutgreiinga framstår dermed ikkje så tillitsvekkande som ho burde ha gjort. Om dette kunne ha endra konklusjonane samla sett veit ikkje me, men dette har skapt tvil også til dei andre utgreiingane. Fortidsminneforeninga er uroleg når det gjeld tiltaket sin påverknad på veggen gjennom og nærmiljøet i den gamle Seimegrenda og konsekvensane for utmarksområdet/kulturlandskapsområdet Seimsstranda, der kraftstasjon, røyrgater, utløp og tilkomstveg er tenkt lagt. For Fortidsminneforeninga verkar det som ulempene med tiltaket kan vere undervurderte. Det bør difor gjerast supplerande undersøkingar, før det vert aktuelt å gje ein tilslutnad til føreliggjande utbyggingsplanar.*

Dale/Sogndal, 30. august 2011

Ove Losnegård/s  
Styreleiar

Jon E Tamnes  
Dagleg leiar